



BYRÅET FOR AVISUTKLIPP  
Ø. SLOTTSGT. 8 — OSLO 1  
TLF. 42 04 25 — 42 50 22

Utklipp fra:

## Arbeiderbladet

Pol. tendens: Det Norske  
Arbeiderparti  
(Se baksiden!)

- 8. MRS. 1967

## Tiet i hjel

Emnet «slagside i NRK» har vori grundig debattert i dei siste månadene, og eg må derfor be om tilgiving for at eg pirker borti det på nytt, utterpa som det er. Likevel syns eg det er rett å nemne eit graverande døme på at ei slagside eksisterer, i alle høve på det religiøse området, og at yttingsfridommen her slett ikkje er så heilag som visse andre grunnprinsipp den kunne sette i fare.

Hausten 1965 gav religionshistorikeren Andreas Edwien ut boka «Dogmet om Jesus», vel den skarpaste analysen som hittil har vori gitt av mytane om Jesus som religiøst og etisk overmenneske, og spesielt om oppstoda påskedagen. Boka merker seg ut med ein grundig, redelig og overtøydande argumentasjon, og konklusjonar som vel må virke som kaldusjar både på dei truande og dei meir likegyldige «allmennreligiøse». Ein debatt på Edwiens grunnlag ville neppe bidra til å styrke kyrkjens posisjon i folket.

Men noen slik debatt kom ikkje. Dei fleste kyrkjelege aviser og tidsskrifter har ikkje omtalt boka, og alle dei konservative storavisene har etter beste evne prøvd å tie den i hel. Stort tydeligare kunne vel ikkje fallitterklæringa frå kyrkja komme. Til og med Dagbladet har behandla denne boka på ein måte som avisa har låta ære av. Etter å ha meldt den og fordømt den på grunnlag av ein del lausrivne sitat, nekta avisa Edwien spalteplass til å få

i gang ein debatt om det saka i røynda gjaldt.

Og korleis stilte dei seg så i NRK? Som er dominert av ein «hard, radikal kjerne»? Vel, det gikk månad etter månad, og ingen hørte noe om Edwien. Til slutt kom det fram at boka, som alle andre bøker som blir meldt i Kringkastinga, først måtte vurderes av ein konsulent, og på grunnlag av hans vurdering vart det bestemt at boka ikkje var god nok til å omtales. Konsulenten var teolog, og var direkte angripen i boka.

Og meir var det ikkje. «Dogmet om Jesus» er ikkje meldt i NRK, og dei aller fleste «truandekjenner trulig ikkje til at boka eksisterer. Likevel: Dette er ei av dei viktigaste bøkene som er gitt ut om Jesus-dogmet, og vi har ikkje råd til å la den gå i glømmeboka. Den er slett ikkje «uaktuell» fordi den er over eit år gammal, og NRK kan ennå gjøre skaden god att. I alle fall skylder institusjonen ei forklaring på at den har valt å handle som den gjorde, og vi må få offentliggjort den vurderinga som var grunnlag for avgjerda, så vi sjølv kan få dømme om den er så objektiv som det er forsikra frå NRK's side.

Lars S. Vikør.